

Årsmelding frå jakt og fiskeutvalet 2022.

Jakt og fiskeutvalet i Aurland arrangerte i år karusellskyting for jegerar saman med Stålring og Aurland skyttarlag.

Det vart arrangert seks kveldar med skyting, 3 kveldar på kvar bane.

Det vart som tidlegare tildelt eit reinsløyve frå Aurland fjellstyre.

Samarbeidsavtalen mellom Aurland skyttarlag, Stålring og Aurland jakt og fiskelag som vart utarbeidde i 2015 held fram.

Hjort og elgjakta i Nordheims dalen vart som tidlegare år annonsert i Aurlendingen.

Dette året fekk jaktlaget tildelt 13 hjort, 1 fritt elgløyve og ein elgkalv.

Hjortestamma i Nordheims dalen er noko redusert. Jaktlaget observerte også dette året mindre hjort. Det vart skote 6 hjort dette året.

Jaktlaget observerte 3-5 elgar, det vart skote ein 1,5 års elgokse .

Jaktlaget tok CWD prøve av alle hjortane og elgen som vart skotne. Også dette året var alle CWD prøvane negative.

Jaktlaget i Nordheims dalen talde også dette året 8 mann. Det kom inn 10 søknadar, og to nye jegerar fekk plass på laget.

Jaktlaget har hatt 90 jaktdøgn.

Avtalen med Aurland fjellstyre gjeld t.o.m. 2023

Jakttida er frå 1 sept til 31 okt. og kilo prisen er kr 63.

Jaktlaget må som før innhenta årleg løyve og betale for køyring på privat grunn hjå Willhelm Rumhor.

Pga. CWD utbrotet hadde jaktlaget fri utflyging av kjøt søndagar ut oktober mnd. Jaktlaget fekk nytta fly transport berre ein gong.

Flåm 1 mars 2023

Leiar i Jakt og fiskeutvalet

Kjell Hov